



Hardangerrådet iks



## **Referat Team Hardanger**

### **Fredag 23.01.26, 09.00-12.00. Digitalt**

Møtte:

Randi Rykkje, Ullensvang kommune- konstituert leiar

Jan Tjosås, Kvam herad

Mona Hellesnes, Ulvik herad

Hans Inge Myrvold, Ullensvang Næringshage

Trude Undebakke, Hardanger og Voss Næringshage

Ann Irene Myrheim, Hardangerrådet iks

Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

Forfall:

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune

#### **Saksliste:**

**TH-sak 1/26. Karrieremesser (jf.Møte- og aktivitetsplan for 2025/26)**

#### **Aksjonsliste:**

1. TH arbeider mot Springbrettet september 2026: Påmeldingbit/formelt Administrasjon sjekkar påmelding og pris.
2. Me dannar ei arbeidsgruppe som skal sjå på: "Strategi for rekruttering" Arbeidsgruppa består av kommunerepresentantane og dagleg leiar Hardangerrådet iks Kommunane kartlegger næringsliv i kvar sin kommune
3. Utfordrar Visit Hardangerfjord til å kartlegga rekrutteringsbehovet i reisleivet i Hardanger. Administrasjonen sender spørsmål.
4. Kontakt siderklynga for å kartlegga om dei ønskjer å delta i TH for å orientera om status, utfordringar e.l.

**TH-sak 2/26 Gjennomgang av referata og relevante saker frå Hardangerrådsmøte**

Teke til vitande

**TH-sak 3/26 Oppfølging "Rekruttering i Hardanger" jf forrige referat**

- 1. Korleis skal denne sida brukast i framover er opp til dykk.**

Me må sjå på kva i kvar grad me har eit virkemiddelapparat for rekrutteringsarbeidet i Næringshagane. "[Vikallar.no](http://Vikallar.no)" kan vera det verktøyet?

Næringshagen i Sandnessjøen har godt opplegg og har eit prosjekt: [Rekruttering i distriktet](#).

Kan vera store muligheter for å bruke innovasjonsmidler til Siva og andre i eit operativt strategisk arbeid. Rekruttering er jo ein av dei største utfordringane næringslivet har

"Vikallar" er interessant, funksjonell, kan ivareta behov og vidareutviklast.

## **2. Ber om refleksjonar og tilbakemelding frå alle om dette i møtet.**

Kva skjer no etter at sluttrapport . Kva med plattformen "[Vikallar.no](https://vikallar.no)" - korleis skal den leva vidare?

Eigar av prosjektet er Ullensvang næringshage, då er dei også eigar av resultatet.

Er i dialog med Hardangerrådet iks sitt prosjekt for Berekraftig verdiskapning, om portalen "[Vikallar.no](https://vikallar.no)" kan nyttast som kanal for pilot på kontorfellesskap og synlegjering av dei. Dette er fortsettelsen av prosjektet "Arbeidstad der du vil",

Me treng å arbeide på nye måtar vidare med dette i kommunane.

Vedrørende finansiering så er det også ein påfølgande prosess.

I eit beslutningsmøte må også Voss herad vera med.

Prosjekteigar spør også om rapporten bør sei noko om vegen vidare? Har styringsgruppa innspel til det?

## **TH-sak 4/26 Runde rundt bordet**

### **Kvam herad:**

- Psykososial arbeidsforhold om korleis takla nedbemanning og nedskæring på arbeidsplassen.
- Tunnel under Kvamskogen. Diskusjon handlar om massedeponering, og innsлага på begge sider av tunnelen.
- Cruiskaien og dispensasjonssøknad om seawalk på Laupsa - her er det sendt nabovarsel og ikkje godt motteke. Saka skal til heradstyre i mars.
- Akkurat fått ny samfunnsdel, som skal samkjørast med helsedel framover. Det må gjerast store grep for denne gruppa. Planlegg å byggja ein ny stor eining innnan helse
- Bygg og anleggsforum i Kvam. Det er interessant med tettare dialog mellom næringer. Ein måte mindre firma kan samarbeide og konkurrera om oppdrag mot dei store
- Ny Kvam vgs skal formelt opnast neste veke.
- Fossesenteret lansert i går

### **Hardanger og Voss Næringshage**

- Internt fokus med årsrapportering, skifte av reknekspa mm
- Arrangementet i Kvam i går med bygg og anleggforum etter modell frå Voss. Godt besøkt og ein god møteplass
- Ressurssituasjonen har vore prekær, men har no tilsett to på Hardangerkontoret.
- Fokus på å vidareutvikla
- Arbeider i prosjekt med ein styredatabase, fokus på Hardanger og Voss
- Etterspørsel etter kvinnenettverket. Skal vera 4 møter i året, fyrste i mars 2026.
- Visit Voss får ny leiar

### **Ullensvang næringshage:**

- Arbeider med nytt målbedriftprogram for Ullensvang og Kvinnherad.
- Hardanger Voss fondet ønskjer fleire selskap å investera i, og utfordrar næringshagane på å inspirera gründermiljø i regionen. Både roller og form
- Kurs og aktivitetar lansert for 2026
- Planlegg stor sommarfest, etter stor suksess i Rosendal 2025
- Har ein stor leveranse neste veke med Yrkes- og utdanningsmessa 2026 i Tyssedal. Her er 40 verksemdar deltakande i eit breitt spenn av yrker
- Er i sluttprosess og prosjektframlegging i prosjektet Fonna næringshage

#### **Ulvik:**

- Stor diskusjon rundt regulering av Bruravik. Både nabokommunar og privatfolk har uttalt seg. Avslag frå Statforvaltaren. Samarbeider med utviklar for vegen vidare?
- Aktivt og systematisk arbeid med kva ein kan tilby etablerarar og næringsliv i Ulvik. Dei har ledig kapasitet på areal og straum (kjem meir straum med ny trafo i 2028)
- Skal igang med ny arealdel til kommuneplanen.
- Arbeid med sentrumsutvikling, ny reguleringsplan er vedtatt. Politisk styringsgruppe.
- Samfunnsdel av kommuneplan vert lagt fram for formannskap neste veke
- Hadde lunsjmøte med dagleg leiar i Hardanger Voss fondet - Torstein Skage.

#### **Ullensvang kommune**

- Bruk av steinmassar frå Boliden. Grunnundersøkelsar igang på aktuelle stader.
- På Folgefonna har kommunen kjøpt bygget, og er igang med kva som skal vera framtida der. Veldig tidleg i prosessen.
- Importkaien er ferdigstilt,
- Prosjekt pågåande på Domusgården
- Ovn 3 ny bussterminal har mål om opning i april/mai 2026. Her kjem den nye turistinformasjonen i Odda.
- Lothepus sine store aktivitet og store arrangement påverkar næringslivet i Odda svært positivt.
- Prøver å reetablere møtepunkt mellom kommune og bransjeorganisasjonane med mål om utvikla samarbeidet mellom kommune og næringslivet
- Besøksforvaltningsarbeidet er stort og mykje skal koordinerast.

#### **Hardangerrådet:**

- Ny rådsordførar, Jens Olav Holven, ordførar Ulvik herad
- Hardinginget 13.2.2026.
- Strukturering i Hardangerrådet
- Samarbeid med IPR i Norge. Regionråda i Vestland og Rogaland er arrangør i 2026
- Hardanger Smaksskule
- Hardanger Voss ungdomsråd
- Kompetanseforum Hardanger Voss
- Vest i Øst
- Turistbåtruta 2026/2027
- Kompetanseheving formidling om tilbud frå VLFK,
- LVK Kvinner og Kraft
- Dagleg leiar ønskjer Clean-desk i Kvam nokre dagar i veka.

#### **TH-sak 5/26 Saker som kjem til**

##### **1. Oppfølging av saker. Kven gjer kva?**

Oppfølging: Ønskjer at kvart referat har aksjonspunkt/liste i slutten av kvar sak.

##### **2. F.eks innspel om Siderklynga**

Oppfølging: Skal me invitera dei til neste TH?. Ønskjer at dei orienterer om klynga og dialogen, og om status Nasjonalt frukt og sidersenter.

##### **3. Neste møte i TH i Odda 12.2.2026**

Team Hardanger vert invitert på møte med Vest-Norges Brusselkontor og lokale næringslivs-organisasjonar og næringsliv. Møtet vert hjå Næringshagen i Ullensvang sine lokaler i Odda. Epost med invitasjon vert sendt ut av administrasjonen.

Dersom nokon vil overnatta i Odda, så er dette ikke avtalt organisert via administrasjonen.

**4. Kan TH drøfte eit regionalt etablerarfond med Sparebankstiftinga Hardanger?**  
Førebur sak til neste møte

**5. Oppmodar Yrkes- og utdanningsmessa også å invitera ungdomskuleelevar i 9. og 10. klasse.**

Svar: Dette vert spelt inn i evalueringsmøte, då fristen til messa neste veke er for kort.

**6. Vossadagane 25.-26.3.2026 - kven er med der? Hardangerfelleskap?**  
Skal ein ha ein møteplass på kvelden her?

Svar: Tek kommunikasjon vidare på epost.

**7. Fjord fjell fondet - 600 000.**

Informasjon: Ny søknadsfrist er 31.01.2026.

**8. Bruka av Teamskanal til møter, innkalling og møtebøker også.**

Oppfølging: Administrasjonen skal følga opp.

**9. Gjennomgang av årshjul/ Sak 2 sist TH**

Oppmoding: Ber alle om å oppdatere den.

Kinsarvik 23.1.2026

Randi Rykkje /s  
Nestleiar